

Arkivnr: 2018/16486-48
Saksbehandlar: Astrid Lernes, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Nils Egil Vetlesand, fylkesrådmannen, Hordaland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		

Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - arbeidsdokument 3/19**Fylkesrådmannen rår til å gjere slikt vedtak:**

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek prosjektleiar sin presentasjon om kommuneproposisjonen til orientering.
2. Fellesnemnda som finansutval godkjenner inndelinga av budsjettet i sektorar med tilhøyrande løyvningsnivå slik det er presentert. Vidare sluttar fellesnemnda som finansutval seg til den førebelse skisserte fullmaksstrukturen i høve til kven som kan gjere budsjettendringar i gjennomføringa av vedteke budsjett.
3. Fellesnemnda som finansutval legg til grunn at det samla investeringsbudsjettet innanfor bygg og fylkesveg i Vestland fylkeskommune vert redusert med 418 mill. kr i 2020. Nettobeløpet, det vil seia eigenfinansiering som krev låneopptak er om lag 335 mill. kr.
4. Fellesnemnda tek prosjektleiar si tilnærming til å løyse salderingsutfordringa til orientering.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 13.05.2019

I dette tredje arbeidsdokumentet til fellesnemnda, i rolla som finansutval, har prosjektleiar fokus på følgjande områder;

- Framlegg til kommuneproposisjon 2020;
 - o økonomiske verknadar av nytt inntektssystem
 - o nye oppgåver
- Politisk kontoplan/løyvingsnivå
- Investeringsbudsjettet – framlegg til forskyving og reduksjon i løyvingar
- Innsparingar i driftsbudsjettet – tilnærming til fordeling.

Ved handsaming av arbeidsdokument 2/19 vart det stor aktivitet frå politisk side både med spørsmål og kommentarar. Nokon av desse spørsmåla vil prosjektleiar svare ut i andre saker enn i arbeidsdokument. Andre spørsmål/ kommentarar vil vere ein naturleg del av det vidare budsjettarbeidet.